

Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 15. desember 2011

<i>Til stades:</i>	Ottar Grepstad, Sigrun Høgetveit Berg, Bente Christensen, Margrethe Kvarenes, Trond Trosterud, Helene Uri og Åse Wetås (ikkje S 85/11, S 86/11, S 88/11, S 89/11, S 90/11 og S 91/11)
<i>Forfall:</i>	Åse Lill Kimestad, Ola T. Lånke og Kamil Øzerk
<i>Frå fagråda:</i>	Gunnstein Akselberg, leiar av fagråd 1 og Ove Eide, leiar av fagråd 2 (S 91/11)
<i>Frå sekretariatet:</i>	Arnfinn Muruvik Vonen (direktør) og Eilov Runnestø (rådgjevar)
<i>Møtestad:</i>	Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo
<i>Møteleiar:</i>	Grepstad
<i>Referent:</i>	Runnestø
<i>Møtetid:</i>	Kl. 11.00–16.00

Sakliste

Konstituering

- S 68/11 Godkjenning av innkalling og sakliste
- S 69/11 Protokoll frå styremøtet 2. september 2011

Informasjonssaker

- S 70/11 Informasjon frå direktøren
- S 71/11 Etatsstyringsmøte med Kulturdepartementet 18. august
- S 72/11 Ny leiar til fagråd 1
- S 73/11 Språkdagen 2011
- S 74/11 Frå fagråda, møtereferat
- S 75/11 Høyringssaker

Vedtaksaker

- S 76/11 Førebels rekneskap
- S 77/11 Budsjettprosess for 2012
- S 78/11 Normeringsfullmakter til Språkrådet
- S 79/11 Arbeidsoppgåver og arbeidsform for norsk teiknspråk
- S 80/11 Nye medlemmer til fagrådet for samfunn og høgare utdanning og til fagrådet for skule og offentleg forvaltning
- S 81/11 Struktur, arbeidsform og prosess for Språkstatus 2012
- S 82/11 Oppfølging av 2012-normalen for nynorsk rettskriving
- S 83/11 Melsom-prisen, jurymedlem
- S 84/11 Det Norske Akademis ordbok
- S 85/11 Språkprisen 2011
- S 86/11 Møteplan 2012

Drøftingssaker

- S 87/11 Evaluering av Språkstatus 2011
- S 88/11 Strategi for Språkrådet 2012–2014, struktur og hovudpunkt
- S 89/11 Utviding av Språkrådets arbeidsoppgåver og ansvarsområde til andre språk enn norsk
- S 90/11 Form og struktur for årsrapport og årsmelding
- S 91/11 Møte mellom fagrådsleiarane og styret

Konstituering

S 68/11 Godkjenning av innkalling og sakliste

Styreleiaren melde at informasjonssak S 75/11 blir gjort til vedtakssak, og jamført med den opphavlege saklista blir det då ny saksnummerering av Høyringssaker, Førebels rekneskap og Budsjettprosess for 2012.

Styret drøfta habilitetsspørsmål i S 84/11, men konkluderte ikkje, sidan den aktuelle delen av saka vart utsett.

Vedtak: Innkallinga og saklista er godkjende.

S 69/11 Protokoll frå styremøtet 2. september 2011

Sakspapir: Førebels protokoll

Vedtak: Styret godkjenner den framlagde protokollen med ei endring.

Informasjonssaker

S 70/11 Informasjon frå direktøren

Sakspapir: Oversyn over foredrag og annan ekstern representasjon der direktøren i Språkrådet har medverka i tida 6.9.–12.12.2011.

Direktøren informerte munnleg om dei siste sakene:

- utdeling av diplom for godt namnevit til ti bedrifter i trøndelagsfylka
- det språkrådsstøtta prosjektet "Stemmestyring i multimodal dialog" (SMUDI, 2007–2011), der ein forskar på bruk av talegjenkjenning i multimodale brukargrensesnitt, er avslutta

Styreleiaren orienterte om

- at han, i samband med den aktuelle saka om namngjeving på oljefelta, hadde vorte kontakta i oktober av den politiske rådgjevaren for olje- og energiministeren
- at Finansdepartementet i tildelingsbrevet til underliggjande etatar vil ta med kravet om at dei skal følgja mållova
- at det vil koma ei innstilling om språket i Grunnlova frå kontroll- og konstitusjonskomiteen

Direktøren informerte om diverse personalsaker.

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 71/11 Etatsstyringsmøte med Kulturdepartementet 18. august 2011

Sakspapir: Referat frå KUD frå dette møtet

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 72/11 Ny leiar til fagråd 1

Sakspapir: Notat frå sekretariatet

Vedtak: Styret tek oppnemninga til orientering.

S 73/11 Språkdagen 2011

Sakspapir: Referat frå Språkdagen 2011
Medieomtale av Språkdagen 2011

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 74/11 Frå fagråda, møtereferat

Sakspapir: Fagråd 1: møtereferat frå 16.11.2011
Fagråd 2: møtereferat frå 5.9., 7.10. og 16.11.2011
Fagråd 3: møtereferat frå 7.4. og 30.8.2011
Fagråd 4: møtereferat frå 5.10. og 21.11.2011

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 75/11 Høyringssaker

S 75/11 a) Høyringsfråsegn til rapportutkast, Noregs femte rapportering til Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk

Sakspapir: Utkast per 8. august 2011, Den europeiske pakten om regions- eller minoritetsspråk, femte periodiske rapport, Norge, frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, august 2011
Merknader frå Språkrådet til rapportutkastet til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet 31. august 2011

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 75/11 b) Høring - Endra timetal i engelsk og norsk i yrkesfag

Sakspapir: Høyringsbrev frå Utdanningsdirektoratet 5. oktober 2011
Svar 6. desember 2011 til Utdanningsdirektoratet

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

Vedtaksaker

S 76/11 Førebels rekneskap 2011

Sakspapir: Taloppstilling frå sekretariatet per 14. desember 2011 (delt ut på møtet)

Vedtak: Styret tek den førebelse rekneskapen til orientering.

S 77/11 Budsjettprosess for 2012

Sakspapir: Notat frå direktøren 12. desember 2011
Brev til KUD 12. juli 2011, søknad om driftsmidlar for 2012 – utdjuping

Vedtak:

- 1 Gjennomføringa av dei tre tiltaka som er utdjupa i brev frå Språkrådet til KUD den 12. juli 2011, får prioritet føre andre driftstiltak i Språkrådet på den måten som er skissert i punkta 1–2 i del 2 av det vedlagde notatet.
- 2 For å kunna vedta eit førebels budsjett for 2013 i desember 2012 blir direktøren bedd om å følgja dei milepælane/årshjulelementa som er nemnde i punkta a–d i del 4 av det notatet.
- 3 Styret føreset at prognose for driftsåret blir lagd fram på styremøte i september og desember.

S 78/11 Normeringsfullmakter til Språkrådet

Sakspapir: Innstilling til styret frå styreleiaren
Vedlegg: Utkast til nye vedtekter for Språkrådet frå KUD

Vedtak:

- 1 Styret ser svært positivt på at Språkrådet kan få utvida og klare normeringsfullmakter.
- 2 På grunnlag av drøftinga i styret og eventuelle merknader frå fagrådet for normering og språkoobservasjon følgjer styreleiaren i samråd med direktøren opp overfor Kulturdepartementet og vonar eit framlegg kan liggja føre til neste styremøte.
- 3 Framlegget til nye vedtekter for Språkrådet bør sendast ut på høyring.

S 79/11 Arbeidsoppgåver og arbeidsform for norsk teiknspråk

Sakspapir: Notat frå direktøren 8. desember 2011

Vedtak: Styret tek synspunkta frå møtet med seg i det vidare arbeidet.

S 80/11 Nye medlemmer til fagrådet for samfunn og høgare utdanning og til fagrådet for skule og offentleg forvaltning

Sakspapir: Notat frå sekretariatet

Vedtak: Direktøren førebur ei sak til februararmøtet med namn på førespurde nye fagrådsmedlemmer.

S 81/11 Struktur, arbeidsform og prosess for Språkstatus 2012

Sakspapir: Notat frå direktøren 7. desember 2011
Sakspapiret til S 87/11 vart teke med i drøftinga av denne saka.

Denne saka vart drøfta i samanheng med S 87/11, jamfør.

Vedtak:

- 1 Styret tek synspunkta frå møtet med seg i det vidare arbeidet.
- 2 Fagråda blir bedne om synspunkt med merknadsfrist 1. mars.
- 3 Målet er å gjera Språkstatus 2012 til eit godt grunnlag for den planlagde stortingsmeldinga om språkpolitikk.

S 82/11 Oppfølging av 2012-normalen for nynorsk rettskriving

Sakspapir: Notat frå direktøren 12. desember 2011

Vedtak: Styret bed direktøren syta for at aktuelle tiltak blir gjennomførde i samsvar med det framlagde notatet og innanfor dei budsjetttrammene som styret kom fram til på møtet.

S 83/11 Melsom-prisen, jurymedlem

Sakspapir: Notat frå direktøren 7. desember 2011

Vedtak: Ola E. Bø er oppnemnd som representant for Språkrådet i fondsstyret for Skipsreder Ferd. Melsoms legat i tida 1.1.12–31.12.15.

S 84/11 Det Norske Akademis store ordbok

Sakspapir: Saksframlegg 12. desember 2011 frå direktøren
Til styret 15. november 2011 frå fagrådet for normering og språkoobservasjon ved fagrådsleiar Helge Dyvik
Ein omtale av prosjektet med å skapa eit nasjonalt ordboksverk for bokmål, orientering til Språkrådet 5.12.2011 frå Petter Henriksen, prosjektleiar for

ordboksverket

BRO-avtale side 1 og 2 (Bokmålets og riksmålets ordbase)

Notat om leksikografi ved ILN etter 2015 ved Christian-Emil Ore, 12. august 2011

Notatet BRO-prosjektet og NAOBs rolle ved Helge Dyvik, 16. september 2011

Framlegg til vedtak frå styreleiar Ottar Grepstad, 15. desember (delt ut på møtet)

- Vedtak:** 1 Styret vil uttrykkja støtte til arbeidet som blir gjort for å fullføra Det Norske Akademis store ordbok i 2014.
2 Saka er elles utsett til neste møte.

S 85/11 Språkprisen 2011

Sakspapir: Notat frå språkprisjuryen ved leiar Ove Eide 1. desember 2011
Retningslinjer for Språkprisen (frå 19. februar 2009)

Vedtak: Ordet ”etermedium” blir stroke i punkt 2 *Kven kan få prisen* i retningslinjene for Språkprisen.

S 86/11 Møteplan 2012

Sakspapir: Notat frå direktøren 12. desember 2011

Vedtak: Styret har desse møta i 2012:
måndag 27. februar
onsdag 25. april
onsdag 13.–torsdag 14. juni (Sverige)
måndag 3. september
torsdag 6. desember

Drøftingssaker

S 87/11 Evaluering av Språkstatus 2011

Sakspapir: Notat frå styreleiaren 20. november 2011

Vedtak: Styret bed om at synspunkta frå møtet blir tekne med i det vidare arbeidet.

S 88/11 Strategi for Språkrådet 2012–2014, struktur og hovudpunkt

Sakspapir: Notat frå direktøren 8. desember 2011
Strategi for Språkrådet 2009–2011
Eit arbeidsoversyn frå språktenesta for statsorgan i 2014
Kronikken ”Norsk språkriddom” av direktøren i Språkrådet, trykt i Aftenposten 23. mai 2011

Vedtak: Saka blir utsett til neste møte.

S 89/11 Utviding av Språkrådets arbeidsoppgåver og ansvarsområde til andre språk enn norsk

Sakspapir: Notat frå direktøren 7. desember 2011
Utkast til referat frå møtet 16. november 2011 med Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet ved fagkoordinator Nina Teigland

Vedtak: Saka blir utsett til neste møte.

S 90/11 Form og struktur for årsrapport og årsmelding

Sakspapir: Notat frå direktøren 8. desember 2011

Vedtak:

- 1 Årsmeldinga frå Språkrådet skal heretter ha den strukturen, profilen og arbeidsforma som er skissert i avsnitt 2 i notatet.
- 2 Årsmeldinga skal leggjast fram for styret til vedtak og underskrivast av direktøren og styret ved styreleiaren.
- 3 Sekretariatet legg fram utkast til årsmelding for 2011 til styremøtet 27. februar i 2012.
- 4 Årsrapporten frå Språkrådet til Kulturdepartementet skal ha den strukturen som er gjeven i tildelingsbrevet frå departementet. Eit utkast til årsrapport for 2011 skal også leggjast fram for styret på februarmøtet i 2012.

S 91/11 Møte mellom fagrådsleiarane og styret

Sakspapir: Ei kort momentliste for drøftinga frå sekretariatet
Mandat for fagråda, vedtekne av interimsstyret i Språkrådet 13. juni 2006 (delte ut på møtet)
Notat frå Ove Eide, leiar for fagrådet for skule og offentleg forvaltning
E-postnotat 15. desember frå Tove Bjørneset, leiar for fagrådet for terminologi og fagspråk

Vedtak: Styret inviterer fagrådsleiarane til styremøtet i februar 2012.

Godkjenning

Protokoll godkjend på styremøtet 27. februar 2012:

Ottar Grepstad

Sigrun Høgetveit Berg

Bente Christensen

Margrethe Kvarenes

Trond Trosterud

Helene Uri

Åse Wetås

Arnfinn Muruvik Vonen